

## Utdrag av Prop. 1 S (2013-2014) Finansdepartementet

### Kap. 1600 Finansdepartementet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	316 051	313 500	321 800
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	42 003	51 200	58 600
70	Forskning på og allmennopplysning om finansmarknaden	11 800	12 200	12 600
	Sum kap. 1600	369 854	376 900	393 000

#### Post 70 Forsking og allmennopplysning om finansmarknaden

I samband med statsbudsjettet for 2002 vart det vedteke å bruka ein del av provenyet frå omdanning og sal av Oslo Børs til å skipa eit finansmarknadsfond med ei fondsavsetning på 90 mill. kroner (Finansmarknadsfondet). Føremålet med Finansmarknadsfondet er å medverka til auka kunnskap om og forståing for verkemåten til finansmarknadene, mellom anna regulering av marknader og marknadsaktørar, og å fremja innsikt og auka medvitet om etikk på finansmarknadsområdet. Fondet skal medverka til forskning, utdanning og allmenn opplysning om finansmarknadsspørsmål.

Fram til utgangen av 2012 var kapitalen i Finansmarknadsfondet plassert som tre kontolån med 10 års løpetid til staten. Fondsutbyttet vart ført som inntekt i statsbudsjettet og gav grunnlag for ei utgiftsløyving til dei nemnde føremåla. Utbyttet frå fondskapitalen året før vart ført som inntekt i statsbudsjettet året etter.

I samband med statsbudsjettet for 2013 vart det vedteke å skipa ein ny modell for løyvingar til Finansmarknadsfondet, slik at sjølve fondet vart avvikla 1. januar 2013. Fondskapitalen vart tilført statskassa og erstatta med vanlege utgiftsløyvingar over statsbudsjettet frå og med budsjettåret 2013, sjå side 48-50 i Prop. 1 S (2012-2013) for Finansdepartementet. Bakgrunnen for den nye løyvingsmodellen var at løyvingane til fondet truleg ville ha vorte monaleg mindre i åra framover om den tidlegare løyvingsmodellen hadde vorte vidareført. Utviklinga i det generelle rentenivået, kombinert med den generelle prisstiging, ville innebore lågare løyvingar og følgeleg mindre verksemd etter kvart som kontolåna ville ha vorte bytte ut ved forfall. Med den nye løyvingsmodellen legg ein opp til å halda tildelingane om lag like store som dei var under den tidlegare modellen, målt i faste prisar. For 2012, siste gongen med den tidlegare modellen, vart det løyvda 11,8 mill. kroner. For 2013, fyrste året med den nye modellen, vart løyvinga basert på løyvinga for 2012, justert for prisstigninga, slik at ein løyvde 12,2 mill. kroner.

For 2014 føreslår departementet i samsvar med modellen difor å løyvda 12,6 mill. kroner på kap. 1600, post 70. Justert for prisstigning er dette som for 2013.